

Fra: Bente Høyland[bente.hoyland@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 19.05.2026 10:04:03
Til: Post[post@kvinnherad.kommune.no]
Kopi: Leif Ove Mikkelsen[leif.ove.mikkelsen@kvinnherad.kommune.no];
Tittel: Vs: Spm til ordfører

Frå: Hanne Kristensen <hannekristensen72@gmail.com>
Sendt: tysdag 19. mai 2026 10:00
Til: Vegard Bjørnevik <vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no>
Kopi: Bente Høyland <bente.hoyland@kvinnherad.kommune.no>; Silvia Iren Tofte <silvia.tofte@kvinnherad.kommune.no>
Emne: Spm til ordfører

Kjære ordfører.

Trafikktryggleik i Landafeltet.

Landafeltet er eit bustadområde i Kvinnherad med størst utvikling i seinere tid, ca 100 buenheter + 5 buenheter som er klar til å byggast til hausten.

Da bur til nå ca 69 fastbuande barn i området.
Mange av desse ferdast dagleg langs vegen til skule, fritidsaktivitetar og buss.

Innbyggjarane i området har over tid vist stor tolmod, men når talet på familiar og barn aukar, hastar det med konkrete tiltak og framdrift.
At Trafikksituasjonen er og har vert svært utrygg, vart omtalt i Kvinnheringen tilbake i januar 2023.

Barn må dagleg krysse fylkesvegen for å ta buss til skulen. Samstundes går det tungtrafikk og anna ferdsel gjennom byggefeltet til Monter, Fagne og andre industritomter og også der må barn og voksne krysse vegen fra nye til gamlafeltet for å komme til busstopp, da finst ikkje gangfelt eller fartsdempande tiltak i området.

Vegen er offentleg, men standarden og tryggleiken opplevast som utilstrekkeleg for mjuke trafikantar.

Kommunen står sjølv bak planarbeidet.
Det står i plan at finansiering heng saman med overskotsmidlar frå Halsnøysambandet.

Eg ønskjer difor å spørje ordføraren:

1. Kan ordfører orientere om status i planarbeidet for busstopp og trafikktryggleik i Landa?
2. Har kommunen vore i dialog med fylket om tiltak på fylkesvegen ?
3. Kva ansvar meiner kommunen dei har for å sikre trygg ferdsel for barna i landafeltet?

4. Når kan innbyggjarane forvente konkrete tiltak som gangfelt, fartsdemping eller andre tryggingstiltak?

Det har nyleg vore ei ulykke og foreldre ønsker at kommunen prioritere saka før det skjer ei alvorleg ulukke .

Mvh Hanne